



Saksframlegg

Høyringsutkast - Kommuneplanen sin samfunnsdel

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet, Plan og økonomi	

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Med medhald av Plan- og bygningslova § 11-14, legg Voss formannsskap "Kommuneplanen sin samfunnsdel (2026 - 2038)" ut til høyring og offentlig ettersyn.
2. Høyringsfrist vert sett til 27. november 2025.
3. Formannskapet inviterer til fire folkemøte i høyringsperioden

Samandrag

Kommuneplanen sin samfunnsdel (2026 - 2038) er tufta på FN sine berekraftsmål, nasjonale, regionale og lokale føringar og utarbeida på eit sett der drivar for vidare utvikling av vossaveldet er identiteten vår - den sterke bindinga til kultur og natur. Visjonen "*Voss - eit sterkt regionsenter med levande grender*" vert vidareført. For å tryggja gode rammevilkår slik at visjonen kan verta nådd er det i samfunnsdelen lagt opp til at Voss herad legg ein oppdatert og framtidsretta senterstruktur til grunn. Ein senterstruktur som både styrkar regionsenteret og tryggjar «levande grender».

Ei viktig føring for arbeidet med ny samfunnsdel var at denne skulle forenklast og bli eit tydelegare styringsdokument. Fylgjeleg er det no lyfta fram fem overordna mål for samfunnsutviklinga i åra som kjem. Alle dei fem overordna måla speglar gjeldande utfordringsbilete. Samfunnsdelen inneheld også ein arealstrategi som syner korleis samfunnsmåla vert vidareført i langsiktig arealutvikling. Arealstrategien vert slik koplinga mellom kommuneplanen sin samfunnsdel og kommuneplanen sin arealdel.

Det har vore ei brei og omfattande satsing på medverknad gjennom planprosessen. Dette har skapt engasjement kring arbeidet med revisjon av kommuneplanen, og det har komme gode innspel frå innbyggjarar, folkevalde og tilsette i kommuneorganisasjonen. Samstundes har tida vorte nytta til å utfylla kunnskapsgrunnlaget vårt. Utkast til ny samfunnsdel byggjer soleis på oppdatert kunnskap og er godt og breitt forankra. Rådmannen rår til at *Kommuneplanen sin samfunnsdel (2026 - 2038)* vert lagt ut til høyring og offentlig ettersyn.

Saksopplysingar

Bakgrunn

I [Planstrategi 2024 - 2027](#) vart det fastlagt at kommuneplanen, både samfunnsdel og arealdel, skulle reviderast (HST-sak 117/24). Arbeidet med å revidera samfunnsdel (KPS) og arealdel (KPA) skulle samkøyrast frå starten av, med oppstart 2024 og forventa ferdigstilling 2025 for samfunnsdelen og 2026 for arealdelen.

Det er ei lovpålagt oppgåve at me, i samband med at me startar opp arbeidet med revisjon av kommuneplanen, utarbeider eit planprogram (PBL § 11-13 og § 4-1). Planprogrammet skildrar korleis me tenkjer oss prosessen knytt til det å utarbeida ny kommuneplan, korleis me vil organisera arbeidet, kva tema me vil sjå ekstra grundig på, kva medverknadsaktivitetar me ynskjer å leggja opp til og ei vurdering av om det er trong for nye utgreiingar for å få på plass eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag.


[Planprogram](#) for revisjon av kommuneplanen vart vedteke i Voss heradsstyre 17. desember 2024 (HST sak-118/24). I planprogrammet står fylgjande om kva oppgåver som skal prioriterast i samband med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel: *"Hovudmålet med å revidera kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) er å gjera denne til eit tydelegare styringsdokument. I arbeidet med KPS vil me prioritera å vidareutvikla arealstrategien, og justera mål og strategiar i tråd med utfordringsbiletet, aktuelle «vossaplanar» frå førre planbolk samt nye nasjonale og regionale føringar og lovkrav. I tillegg skal me arbeida med målstrukturen slik at denne vert lettare å bruka."*

Innleiing

Kommuneplanen er eit overordna og langsiktig styringsdokument. Kommuneplanen er vårt viktigaste verktøy når me skal leggja til rette for kva samfunnsutvikling, arealforvaltning og tenesteproduksjon me ynskjer i heradet vårt. Planen gjeld for alle som bur og arbeidar i Voss herad.

Samfunnsdelen (KPS) skildrar kva langsiktige mål kommunen har for samfunnsutviklinga og skal kunna fungera som eit politisk styringsverktøy. Måla i samfunnsdelen vert styrande for kva andre planar kommunen vel å utarbeida, og skal også vera grunnlag for prioriteringar i årleg rullering av økonomiplanen. Økonomiplanen vert slik handlingsdelen til kommuneplanen.

Figuren under syner ei forenkla framstilling av planhierarkiet i Voss herad



Høyringsutkast til ny samfunnsdel finn du her: <https://apppublishframsikt-staging.azurewebsites.net/plan/voss/16ac44f0-a2c7-4978-8642-2d38ef6bbb02/plan-b68efda4-4458-414c-aa79-711d0ea38058-85418/>

Viktige grep i ny samfunnsdel

Forenkling - eit meir tydeleg styringsdokument

Ein viktig del av føringane lagt i planprogram for revisjon av kommuneplanen var at ny samfunnsdel skulle vera eit tydelegare styringsdokument. Det er fylgjeleg lagt stor vekt på forenkling i utkast til ny samfunnsdel. Med forenklinga som er gjort er også "den raude tråden" i planhierarkiet (frå kommuneplan til økonomiplan) styrka.

Med ny struktur og oppbygging i samfunnsdelen har me også fått styrka "den raude tråden" i sjølve plandokumentet. Gjennom å nytta det elektroniske verktøyet Framsikt i arbeidet med ny samfunnsdel har planen vorte enklare å lesa, samstundes som me med Framsikt får direkte koplingar frå kommuneplanen, via andre underliggjande planar til økonomiplan, årsbudsjett og rapportering elles.

Samfunnsdelen har fylgjande oppbygging:

Forord

Vert innarbeida innan endeleg politisk handsaming

Innleiing

Kommuneplanen kort fortalt, det kommunale plansystemet, visjon og verdier og om å få "alle med" i planprosessen

Forventningar og føringar

FN sine berekraftsmål, nasjonale og regionale forventningar og føringar, eigne planar og kunnskapsgrunnlag.

Utvikling og utfordringar

Kunnskapsgrunnlag, samla utfordringsbilete, hovudutfordringar og sentrale utviklingstrekk.

I dette kapitlet lyftar me fram "*sentrale utviklingstrekk*" som påverkar kommunen på ulike sett og som sidan er utgangspunkt for både målformuleringar og strategiar. Dei sentrale utviklingstrekk handlar om: Demografi, folkehelse, klima, miljø og natur, samfunnstryggleik og beredskap, sterkt regionsenter og levande grender, bustadutvikling, næring og økonomi.

Mål og strategiar

Det er utarbeida fem overordna mål som speglar utfordringsbiletet vårt. Kvart mål vert støtta med ein forklarande tekst ("*slik vil me ha det*") og underliggjande strategiar ("*slik gjer me det*") som peikar på kva som lyt gjerast for å nå dei ulike måla.

Dei fem overordna måla er desse:

1. *Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkja og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern*
2. *Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap*
3. *I Voss kuttar me klimagassutsleppa og tek vare på naturen for framtidige generasjonar*
4. *I Voss er me budd på å handtera større uynskte hendingar*
5. *Voss herad er ein berekraftig kommuneorganisasjon, økonomisk robust med tenester på rett nivå*

Det er fyrste gong at Voss herad lagar eit eige overordna mål i samfunnsdelen som er knytt til sjølve kommuneorganisasjonen. Dette er gjort med utgangspunkt i samfunnsoppdraget ein kommune har, og for å vera tydeleg på kva som er kommunen sine oppgåver og kva som ikkje er det.

Arealstrategi

Ein del av "bestillinga" skildra i planprogrammet var at samfunnsdelen skulle innehalda arealstrategi. Arealstrategien byggjer opp under mål og strategiar i samfunnsdelen, og gjev overordna føringar for kommunen si fysiske utvikling i eit langsiktig perspektiv. Arealstrategien vert slik koplinga mellom samfunnsdel og arealdel.

I arealstrategien ligg forslag til ny senterstruktur som peikar ut retning for vidare utvikling. Arealstrategien gjev konkrete føringar til bustadbygging, etablering av offentlege tenestetilbod, handel og service, ulike næringsføremål, reiseliv og fritidsbustader. Arealstrategien lyfter også fram særskilte omsyn knytt til kyst- og strandsone, jordvern og naturverdiar.

Korleis lukkast?

Samarbeid, omstilling, møteplassar, etc

Eksterne lekkjer

Vert innarbeida etter endeleg politisk handsaming

Ny senterstruktur - sterkt regionsenter og levande grender


Visjonen "*Voss - eit sterkt regionsenter med levande grender*" vert vidareført i ny kommuneplan. I arbeidet med utforminga av samfunnsdelen har me gått meir grundig inn i korleis me skal definera "*sterkt regionsenter og levande grender*", og vurdert kva som skal til for at visjonen skal kunna nås. Fylgjeleg har me sett på korvidt gjeldande senterstruktur er føremålstenleg når me no skal leggja føringar for ei langsiktig og føreseieleg samfunns- og arealutvikling i Voss herad.

Det å definera "sterkt regionsenter og levande grender", og med det sjå på mogeleg ny senterstruktur, har også vore oppe i fleire politiske verkstader gjennomført i 2025 (12. mars, 24. april, 11. juni og 18.september).

Gjeldande senterstruktur har meir eller mindre vore uendra sidan tidleg 2000- talet. I samband med kommunesamanslåinga i 2020 vart Granvin definert inn som lokalsenter og Myrkdalen som nærsenter, men elles er alt som før. Gjeldande senterstruktur er altså laga med utgangspunkt i ein situasjon me hadde for lang tid sidan og ikkje lenger føremålstenleg. Det er trong for å lausriva seg frå gamal senterstruktur, lyfta blikket og tenkja nytt skal me kunna ha ei føreseieleg samfunnsutvikling, styrka regionsenteret og klara nå ambisjonane om "levande grender".

I samfunnsdelen illustrerer me visjonen "*Sterkt regionsenter og levande grender*" med "*Livets tre*" (Ernst Haeckel, 1866).

LEVANDE GRENDER




STERKT REGIONSSENTER

Senterstrukturen vår fungerer som eit tre. Eit livskraftig tre lyt ha ein sterk stamme, slik er det også med samfunn. Stammen (regionsenteret) med lange røter gjev næring til dei mindre greinene, som igjen gjev næring til kvistane lenger ute. Samstundes gjev kvistar og greiner næring og kraft attende til stammen. Det er soleis ein gjensidig avhengighet mellom senter og periferi. Eit sterkt regionsenter treng grendasenter og grender for å oppretthalda kraft og dynamikk, samstundes som grendene i heile Voss herad treng regionsenteret for å ha levedyktige lokalsamfunn - levande grender.

Arbeidet med ny senterstruktur har tatt utgangspunkt i "befolkningskart" utarbeidd av LEVA, som syner oss kor folk bur. Andre kriteria som er vurdert er stadeigne kvalitetar, tilgang på offentlege og private tilbod, sentralitet, flaum- og skredfare, dyrka mark, infrastruktur som veg, bane, VA, arealsreserve og kommunal eigedom.

Folk i Voss herad bur i all hovudsak i og rundt regionsenteret, og elles langs tre aksar - sør, vest og nord.



Ny samfunnsdel legg fylgjeleg ein ny senterstruktur til grunn der me går frå tre nivå til to, etablerer knutepunkt (grendasenter) sør, vest og nord i Voss herad, og der me styrkar og utvidar regionsenteret.

Utvida og styrka regionsenter:

Vossevangen som regionsenter skal prioriterast med både offentlege og private tilbod, handel og bustadbygging. Det er viktig å styrka regionsenteret slik at Vossevangen kan halda fram med å vera eit livskraftig pulserande senter som kan betjena innbyggjarane våre, besøkande og nabokommunane. Difor vert det også i ny senterstruktur lagt opp til at Palmafossen og Skulestadmoen vert innlemma i regionsenteret, definert som omland.

Grendasenter og levande grender:

I ny senterstruktur definerer me tre grendasenter sør, vest og nord i heradet. Dei tre grendasentera ligg langs aksane der folk bur, og der det er potensiale for ny utvikling - særleg då med tanke på framtidig bustad- og tenesteutvikling. Eit grendasenter vil vera ei lokal kraft som gjennom å vera eit senter i sin del av kommunen, også vil styrka grendene rundt. Ved å samla viktige funksjonar i desse tre grendasenter vil me kunna motverka eit utflytande og uklart tenestetilbod. Stegvis og over tid vil me kanalisera investeringar og tilbod til grendasentera, noko som vil gje føreseielege tenester med god kvalitet for innbyggjarane i alle delar av Voss herad. For innbyggjarane vert det då langt meir føreseieleg med tanke på kvar ein buset seg og kva ein kan forventa av tilbod og premisser der ein bur.

Utvikling av eit samfunn tek tid og det er viktig med ei tydelig retning for ei vidare langsiktig samfunnsutvikling i heile Voss herad. For å byggja opp om ei attraktiv stadutvikling er det også viktig å leggja til rette for eigna bustadareal og gode møteplassar. Dette må hengja saman med andre tilbod og aktivitetar med utspring i private initiativ i tilknytning til dei nye grendasentra. På denne måten kan ein byggja sterke grendasenter som ivaretek ynskje om levande grender.

Grendasenter sør - Granvin:

I den sørlege aksa har me Granvin som tidlegare kommunesenter. Granvin har utvikla seg til eit førebiletleg grendasenter i Voss herad, med eit aktivt lokalsamfunn, gode tenester og sterk lokal identitet. Senteret har ei viktig rolle i å sikra nærleik til offentlege funksjonar og møteplassar, og bidreg til å halda oppe busetjing og livskraft i den sørlege delen av Voss herad.

Granvin som grendasenter illustrerer korleis målretta innsats og lokal forankring kan styrka både lokalsamfunnsutvikling og regional balanse. Ved å leggja til rette for å etablere tilsvarande grendasenter vest og nord i Voss herad skal me kunna oppretthalda levande grender i heile heradet.

Grendasenter vest - Bolstad:

På grunn av flaumsituasjonen på Evanger, er Bolstad peika på som grendasenter i vest. Bolstad har fine stadeigne kvalitetar, ligg tett på jernbanestasjon og med tilgang til sjø. På Bolstad er det også allereie ferdigregulert ledig bustadareal med fine kvalitetar. Tettstadkvalitetane på Bolstad er sterkt knytt til gatemiljøet i Øyravegen, og ny utvikling bør lokaliserast i tilknytning til denne gata, og tett på jernbanestasjonen. På lengre sikt vil K5 vera avgjerande for vidare utvikling av "Voss vest".

Grendasenter nord - Oppheim:

I ny senterstruktur er det peika på Oppheim som grendasenter langs nordleg akse. Oppheim og vegstrekninga mellom kyrkja og skuletomta framstår med historisk djupne og kontinuitet, og har identitet og kvalitetar å byggja vidare på. Den gamle skulen ligg sentralt plassert med tanke på utvikling av tenestetilbod. I dette området ligg det og ein del spreidd bebyggelse litt vekk frå E16, der det er potensiale for vidare fortetting av bustader med gode kvalitetar. I tillegg har Oppheim/Framnes sjukeheim og omsorgsbustader. Utviklingspotensialet og gode bukvalitetar er den største skilnaden på Vinje og Oppheim, og gjer at Oppheim vert peika på som framtidig grendasenter.

Sjå "Vurdering av senterstruktur og grendasenter" i vedlegg 1 og LEVA sin rapport "KUNNSKAPSGRUNNLAG - Senterstruktur Voss herad" i lekkja her: [Kunnskapsgrunnlag og oppsummering frå medverknadsaktivitetane - Voss herad](#)

Eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag

Det er utarbeida eit samla kunnskapsgrunnlag som vert lagt til grunn i alt strategisk planarbeid i Voss herad. Kunnskapsgrunnlaget finn du her: [kunnskapsgrunnlag-strategisk-arbeid-voss-herad-2024-2027.pdf](#)

I tillegg til dette, vart det i *Planprogram for revisjon av kommuneplanen*, lista opp ei rekkje med utgreiingar som var viktig å få på plass i samband med revisjon av kommuneplanen. Status i dette arbeidet er som følger:

TEMA	OPPSTART	EKSTERN FINANSIERING (FAGKOMPETANSE)	STATUS 250925
Planvask	2024	Mdir/ 200.000 (Holth&Winge)	Arbeidet i kartbasen er godt i gang. Planvask vil vera i prosess i heile perioden med KPA.
Organisering av bustad- og egedomsarbeidet i Voss herad	2024	Eigne midlar (BDO)	Ferdig
Kartlegging kommunale bygg	2024	Eigne midlar (Multiconsult)	Arbeidet held fram 2026
Rasisme og diskriminering	2024	IMDI/ 600.000 (Ideas2evidence)	Ferdig
Energikartlegging	2024	Voss Energi AS/ 400.000 (Sweco)	Ferdig
Senterstruktur - Regionsenter og levande grender	2025	Mdir/ 200.000 (LEVA)	Rapport vert ferdigstil i løpet av september - oktober 2025
Kyst- og strandsonekartlegging	2025	Del av Hardangerrådet sitt arbeid	Hardangerrådet sitt arbeid har stoppa opp grunna manglande ressursar, Voss herad arbeider vidare med tematikken i samband med KPA
Jordvernstrategi	2025	Landbruksdirektoratet/ 250.000 (NIBIO)	UKMB har lagt jordvernstrategi ut på høyring med høyringsfrist 101025. Endeleg politisk handsaming UKMB/ HST desember 2025

Kunnskapsgrunnlaget vil verta oppdatert innan endeleg politisk handsaming på nyåret.

Organisering av arbeidet

Formannskapet er politisk styringsgruppe for arbeidet med revisjon av kommuneplanen.

Formannskapet har også peika på medlem Tommy Mo Aarethun som politisk saksordførar i arbeidet med revisjon av samfunnsdelen.

Organisering av arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) er elles som følger:

Prosjekteigar: Rådmannen

Administrativ styringsgruppe: Rådmannen si leiargruppe

Prosjektleiari: Gunnhild Utkvitne (spesialrådgjevar i rådmannen sin stab)

Prosjektleiari har hatt med seg ei tverrfagleg *prosjektgruppe* der alle kommunalavdelingar og rådmannen sin stab har vore med: Gullborg Osgjerd Rekve, Liv Jorunn Solstad (Vilde Eikeset), Kjersti Næss Finne, Bjørg Lirhus Ree, Kari Mostad, Kaia Finne, Hilde Hauge Rogne, Martine Kilen, Kirsten Eitheim Aga, Trude Letnes, Lina Hamre og Liv Myklebust.

Kjersti Næss Finne er prosjektleiari for revisjon av kommuneplanen sin arealdel (KPA) og har fylgjeleg hatt eit særleg ansvar i utforminga av arealstrategi, saman med klima- og miljørådgjevar Lina Hamre.

For å knyta til oss viktige interessentar, kommunale råd og lagslivet i samband med kommuneplanprosessen er det også etablert ei "*ekstern referansegruppe KPS*". Desse har delteke: Voss næringsråd (Ståle Rørlien), Frivilligforum Voss (Olav Seim og Pernille O. Mustad), Hardanger- og Voss Næringshage (Sissel Mugås Bjørkheim), Ungdomsrådet (Håkon Skjoldli og Emil Velken Soldal), Eldrerådet (Gunnar Lussand), Innvandrarrådet (Ismail Kizmaz) og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (Aud-Marit Netteland). "*Ekstern referansegruppe KPS*" har så langt hatt fire møter.

I tillegg har det vore milepælsmøter der begge dei politiske saksordførarane (Tommy Mo Aarethun/ KPS og Dag Sandvik/ KPA) og begge prosjektleiarane (Utkvitne/ KPS og Næss Finne/ KPA) har delteke.

Medverknad

I tråd med føringane lagt i vedtatt [Planprogram](#) har det vore lagt vekt på å ha ein brei og omfattande medverknadsprosess. Det har vore gjennomført ei rekkje aktivitetar for å få innbyggjarane våre involvert i planprosessen, samstundes som det har vore verkstadar for å involvera politisk nivå, og faglønssjar for å involvera dei tilsette i kommuneorganisasjonen.

Dei mange medverknadsaktivitetane er skissert i utkast til ny samfunnsdel i kapittelet 2.4 “*Om å få alle med i planprosessen*”. På heimesida under [Revisjon av kommuneplanen - Voss herad](#) ligg ei tidslinje som syner medverknadsaktivitetar for å få med “folk flest”, rapportar og oppsummeringar frå dei mange medverknadsaktivitetane, presentasjonar nytta i politiske fora og presentasjonar nytta i faglønssjar for dei tilsette. Heradsstyret fekk også presentert medverknadsprosess knytt til revisjon av kommuneplanen i møte 4. september.

“*Ein god start på haustsemesteret!*” Slik oppsummerte møteleiar i [Regionalt planforum](#) møtet 26. august der skisse til ny samfunnsdel for Voss herad vart presentert og diskutert. Det å kunna få presentera ei skisse til ny samfunnsdel til statlege og regionale instansar på eit tidleg tidspunkt i planprosessen, og innan planutkastet vert lagt ut til høyring og offentlig ettersyn, er også ei form for medverknad.

I forkant av møtet hadde Voss herad sendt fram eit par problemstillingar me ynskte at Regionalt planforum skulle ta stilling til. Dette var:

- Har me fått eit godt styringsdokument?
- Fungerer koplinga samfunns mål – arealstrategi?
- Vil arealstrategien verta nyttig som utgangspunkt for vidare arbeid med KPA og planvask?

Regionalt planforum gav gode attendemeldingar på at me med ny samfunnsdel har fått eit godt styringsdokument, at koplinga samfunns mål - arealstrategi fungerer og at arealstrategien vil kunna fungera godt for vidare arbeid med arealdel og planvask. Me fekk også ros knytt til at me så sterkt lyfta fram kultur og kulturidentitet som drivar for framtidig samfunnsutvikling, til korleis me har organisert arbeidet, at me har jobba så breitt og omfattande med medverknad, at me introduserer ny senterstruktur, og til at politisk nivå har vore så godt og grundig involvert gjennom heile prosessen. I tillegg fekk me innspel til forbetringar i plandokumentet, desse er no er innarbeida. (*Referat frå møtet i Regionalt planforum vert lagt ved saka så snart me får det*)

Det vart også gjennomført ei innbyggjarundersøking i sommar, dette i samband med LEVA- rapporten “KUNNSKAPSGRUNNLAG - Senterstruktur Voss herad”. Undersøkinga vart sendt til eit representativt utval innbyggjarar frå ulike delar av Voss herad. Totalt vart undersøkinga distribuert til over tusen personar, og 357 respondentar svara på heile eller delar av spørjeskjemaet.

Meir medverknad

Utover hausten held me fram med ulike former for medverknad:

- *Last tuesday* i regi av Hardanger og Voss næringshage inviterer til presentasjon av ny samfunnsdel 28. oktober
- Til temaveka “*Samfunnstryggleik og beredskap*” i månadsskiftet oktober/ november vert det debatt, forfattarbesøk med Egil A. Hagerup og besøk av Andreas Wahl som skal fortelja om korleis hybridkrig kan påverka oss på Voss.
- Grøn november - tradisjon som vert vidareført også i år - fokus på ombruk for små og store
- *Planvask* som tema for politisk verkstad i november

I og med at ny samfunnsdel introduserer ny senterstruktur for Voss herad, er det også ynskjeleg at Formannskapet tek initiativ til at det vert arrangert fire “folkemøter” i løpet av høyringsperioden, tre i grendene (sør, vest og nord) og eit i sentrum.

Program for medverknad i 2026 for kommuneplanen sin arealdel vert fastlagt i desember.

Framdrift

I [Planstrategi 2024 - 2027](#) er det skissert at arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel skulle starta opp i 2024 og verta endeleg politisk handsama innan utgang 2025. Arbeidet er noko forseinka. Dette dels då me har prioritert arbeidet med å få best mogeleg medverknad, dels då me har brukt tid på å få på plass eit "heilskapleg kunnskapsgrunnlag" innan eit fyrste utkast av ny samfunnsdel vert politisk handsama.

Oppdatert framdriftsplan under:

Kva?	Når?	Kven?
Planprogram for revisjon av kommuneplanen	Vedtatt 17.12.24	HST
Styrka kunnskapsgrunnlaget	løpande	Prosjektgruppa
Medverknad	løpande	Prosjektgruppa
Fyrste gongs politisk handsaming	16.10.25	FPL
Høyring og offentleg ettersyn	16.10.25 - 27.11.25	Prosjektleiar
Endeleg politisk handsaming	Fyrste møtebolc 2026	FPL, HST

Ei framdrift som skissert over er ambisiøs og vil kunna bli endra ifall omfang av innspel i høyringsrunden, og arbeidet med å sakshandsama desse, vert meir omfattande enn antatt.

Rådmannen si vurdering:

Generelle vurderingar:

Utkast til ny samfunnsdel er tufta på FN sine berekraftsmål, nasjonale, regionale og lokale føringar. Og den er utarbeida slik at vidare utvikling av vossaveldet er tufta på identiteten vår - den sterke bindinga til kultur og natur.

I samband med utforming av ny samfunnsdel er det lagt stor vekt på forenkling og slik gjera samfunnsdelen til eit betre og tydelegare styringsverktøy for dei folkevalde. Visjonen "*Voss - eit sterkt regionsenter med levande grender*" er vidareført, men no tar me grep og syner kva endringar som lyt til skal me klara nå denne ambisiøse visjonen. Fylgjeleg vert det i ny samfunnsdel introdusert ny senterstruktur for Voss herad. Ein senterstruktur der me både styrkar regionsenteret, og styrkar grendene gjennom å etablera grendasenter sør, vest og nord i heradet. Med stadig auka krav, kamp om ressursane og eit aukande forventningsgap mellom det innbyggjarane ynskjer og det kommuneorganisasjonen kan levera, er det rådmannen si vurdering at ny senterstruktur er både viktig og naudsynt å få på plass i samband med ny samfunnsdel. Dette vil skapa ei føreseieleg langsiktig samfunnsutvikling i heile Voss herad. Å fastleggja ny senterstruktur i samfunnsdelen vil også gje nyttige føringar for vidare arbeid med kommuneplanen sin arealdel og sak om ny barnehage- og skulestruktur i Voss herad - "barnehage og skule for framtida".

Me har ein ni månaders brei og omfattande medverknadsprosess bak oss. Her har det blitt skapt engasjement kring arbeidet med revisjon av kommuneplanen og me har fått mange gode innspel frå innbyggjarar, folkevalde og tilsette i kommuneorganisasjonen. Samstundes har tida sidan "*Planprogram for revisjon av kommuneplanen*" vart vedtatt desember 2024 vorte nytta til å utfylla kunnskapsgrunnlaget vårt. Samla gjer dette oss trygge på at utkast til ny samfunnsdel byggjer på

oppdatert kunnskap og er godt og breitt forankra. I møtet med Regionalt planforum fekk me då også bekrefta at me har utarbeida ein samfunnsdel som vil fungera som eit godt styringsverktøy for framtida.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen direkte.

Økonomiplanen er samfunnsdelen sin handlingsdel. Samanhengen mellom samfunnsdelen og andre styringsdokument kan skildrast slik:



Miljø og klimakonsekvensar:

Ingen direkte.

Klima, miljø og natur er ein av hovudutfordringane som er lagt til grunn for strategisk planlegging i åra som kjem. Overordna mål knytt til klima, miljø og natur er i samfunnsdelen formulert som følgjer: “*I Voss kuttar me klimagassutsleppa og tek vare på naturen for framtidige generasjonar*” (mål 3)

Folkehelsekonsekvensar:

Ingen direkte.

“*Folkehelse*” er lyfta fram som ein av fleire “*særlege utviklingstrekk*” i samfunnsdelen og er eit gjennomgåande tema. Tematikk knytt til betra folkehelse er lyfta særleg fram i overordna mål som skal møta utfordringar knytt til utanforskap: “*Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap*” (mål 2)

Konklusjon

Rådmannen finn at med eit fyrste utkast til “*Kommuneplanen sin samfunnsdel (2026 - 2038)*” har Voss herad fått eit godt, ambisiøst og framtidsretta planverk til vidare arbeid med langsiktig samfunns- og arealutvikling. Det å no kunna få lagt planutkastet ut til høyring og offentleg ettersyn vil kunna gje oss nyttige innspel som kan bidra med innsikt og kan skjerpa og tydeleggjera samfunnsdelen enno meir innan endeleg politisk handsaming.

Vedlegg

Vedlegg1_ KPS og ny senterstruktur